Referanser:

Arkivsak: 26/01917-4

Godkjenning av saksliste

Sammendrag
Ungdommens kyrkjemøte skal i denne saka godkjenne sakslista for Ungdommens kyrkjemøte 2026.
Alle inviterte delegatar kunne sende inn forslag til sakar 14 ukar før møtets start.
Det ble ikkje meldt sakar.

Forslag til vedtak
Ungdommens kyrkjemøte godkjenner sakslista for Ungdommens kyrkjemøte 2026.

Saksorientering

Bakgrunn
I forretningsorden står det om melding av saker og godkjenning av saksliste:

§ 2-1 **Melding av saker**
Følgjande instansar kan melde saker for behandling av Ungdommens kyrkjemøte.

- Den norske kyrkjas ungdomsutval
- Kyrkjerådet
- Ungdomsråda i bispedømme
- Organisasjonar som er invitert til å sende delegat til Ungdommens kyrkjemøte
- Ungdommens kyrkjemøte

Andre som ønsker å melde saker til behandling, må gjera det gjennom en av de nemnde instansar.

§ 2-2 Meldefrist
Saker som blir ønskte behandla må meldast Den norske kyrkjas ungdomsutval senast 14 ukar før møtet. Skriftleg grunngiving for saka må til same tid meldes til

Kyrkjerådets sekretariat. Den norske kyrkjas ungdomsutval kan etter eiga vurdering føya til saker som kjem opp etter nemnde frist.

§ 2-3 Førebuing og møteinnkalling
Den norske kyrkjas ungdomsutval fremmar, førebur og tilrettelegg saker som skal behandlast av Ungdommens Kyrkjemøte. Invitasjon til Ungdommens kyrkjemøte sendes seinast 6 månader før møtestart. Saksliste og saksdokument skal sendes dei som er påmeldt 4 ukar før møtets start. I særlege tilfelle kan saksdokument ettersendast. Det blir gjort greie for saker som er melde til behandling, men som ikkje er sett opp på sakslista.
Kyrkjerådet og Den norske kyrkjas ungdomsutval har det praktiske ansvaret for gjennomføring av møtet.

§ 3-3. Godkjenning av innkalling og saksliste
Dirigentskapet leier godkjenning av innkalling og saksliste og dessutan behandlingsform for møtet. Under konstitueringa kan medlemmer fremme forslag om ekstra saker til behandling, såframt det kan godtgjerast at sakene er ført til av ein kyrkjeleg og/eller samfunnsmessig situasjon som ikkje gjaldt då meldingsfristen for saker gjekk ut. Forslagsstillaren blir gitt høve til ei kort saksorientering med grunngiving, før Ungdommens Kyrkjemøtet avgjer om saka skal komma til behandling. Minst 2/3 av Ungdommens Kyrkjemøtet må gi si tilslutning til dette. Slike saker skal normalt komitébehandles på vanleg måte.

Økonomiske/administrative konsekvenser
Saken følges opp innenfor eksisterende budsjetter og administrative ressurser